

Notat frå Norsk Bibliotekforening om statsbudsjettet for 2023

Kap. 326 Språk- og bibliotekføremål

Saman med fleire litteratur- og bokbransjeorganisasjonar var Norsk Bibliotekforening med på #Leseløftet våren 2021. Vi utfordra departementa til å satse på lesing i statsbudsjettet, med konkrete summar til fleire tiltak. Vi etterlyste ein handlingsplan for lesing, statusheving av norsk, vidareføring og styrking av eksisterande lesetiltak og innkjøpsordningar, styrking av skulebiblioteka og eit betre grunnlag for politikkutforming.

Vi ser med glede at det er sett av 10,5 millionar kr ekstra til leselystsatsing av Kulturdepartementet (inkludert spelemidlane) og 7,5 millionar ekstra til skulebiblioteksatsing i Kunnskapsdepartementet sitt budsjett. Dette vil absolutt ha ein effekt. Det er likevel viktig at komiteen understrekar at det er det langsigte leselystarbeidet som er viktig. Dette er berre ein start.

I rapporten «Like muligheter til god leseforståelse?» frå 2020 går det fram at det er fritidslesinga, lystlesinga, som er utfordringa. På mange måtar ei kultursak meir enn ei skulesak. Ei satsing på lesing for born og unge gjennom samordna tiltak i folkebiblioteka og skulebiblioteka vil gje eit positivt bidrag inn i generell læring òg. For å koma i gang så tidleg som mogleg ber vi om at prøveordninga med innkjøpsordning for skulebibliotek blir gjort permanent, med eit auka tilskot på 5 millionar kroner neste år og ei opptrapping i åra som kjem slik at alle skular har høve til å bli med.

Vi ber elles om at innkjøpsordningane blir styrka, særleg for sakprosa og teikneseriar. For biblioteka sin del er det viktig at ordningane er såpass store at dei blir «automatiske», det vil seie at det blir føreseileg kva som blir kjøpt inn.

I Noreg er drift og utvikling av folkebibliotek eit kommunalt ansvar, med koordinerande og utviklande roller plassert hos fylkeskommunane og staten. Som det står i Lov om folkebibliotek frå 2014:

«Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet. Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt.

Det enkelte bibliotek skal i sine tilbud til barn og voksne legge vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet.»

Dei siste åra har Kulturdepartementet (og frå 2020 Kunnskapsdepartementet i tillegg) laga ein nasjonal bibliotekstrategi, med Nasjonalbiblioteket (og delvis Norsk filminstitutt og Utdanningsdirektoratet) som utøvande organ. Dette har vore eit positivt bidrag til bibliotekutviklinga i Noreg. Vi ser likevel at det fyrst og fremst er ein statleg strategi, og at kommunane ikkje i stor nok grad følgjer opp ambisjonsnivået som er lagt til grunn i strategien.

Styrking av dei lokale tenestene treng ikkje tyde øyremerkte pengar til kvart einskilt bibliotek. Med Noreg sin kommunestruktur (og dermed bibliotekstruktur) er det viktig at det finst gode, stabile fellesstenester som er enkelt tilgjengelege for biblioteka og brukarane. Ikkje minst for dei som bur i ein av dei 71 kommunane som har mindre enn 1 årsverk i folkebiblioteket. Nasjonalbiblioteket har satsa tungt på utvikling av digitale løysingar som gjer at store delar av kjeldemateriale kan gjerast tilgjengeleg gjennom felles nasjonale tenester som nb.no (Nettbiblioteket). Dette er særskilt positivt, men for at dei nasjonale fellesressursane skal vera mogleg å bruke i det enkelte biblioteket rundt i landet trengst ein digital infrastruktur som gjer det mogleg å innarbeide alt det fantastiske innhaldet i tenester ut til det breie publikummet gjennom folkebiblioteka. Per i dag finst det ikkje formidlingsløysingar i den kommersielle marknaden som kan understøtte dette, og aktørane i folkebiblioteksektoren klarer ikkje å løyse denne utfordringa åleine. På same måte som i museums- og arkivsektoren bør staten ta eit ansvar for å understøtte og byggje infrastruktur som gjer det mogleg å produsere bibliotektenester i folkebiblioteka med nasjonale kjelder og verktøy.

Del III 5.2.1. Spelemidlar til kulturføremål

Prosjektmidlar til bibliotekutvikling

I Nasjonal bibliotekstrategi for 2020-2024 går det fram at satsinga over spelemidlane på folkebibliotek for dei neste åra skal vera på aktiv

formidling, etter at arrangement og aktivitet har vore prioritert i førre periode. I 2020 vart satsinga omprioritert til innkjøp av digitale lisensar av e-lydbøker og e-bøker, særleg i perioden då biblioteka var stengde p.g.a. covid-19. Dette var eit nødvendig grep, og utlånet av digitale media auka kraftig. Det betra tilbodet har vore med på å skape ei forventning hos bibliotekbrukarane som er krevjande å møte for biblioteka.

Infrastrukturtiltak som nemnt over kan vera med og frigjera ressursar for dei lokale og regionale bibliotektenestene, slik at brukarane får betre tilbod. Vi støttar ein auke på 5 millionar kr til leselystsatsing, men meiner at det bør leggjast til 5 millionar til for infrastruktursatsing.

Desentralisert ordning for kulturbygg

Mange kommunar ser verdien av bibliotekutvikling, og som ein del av det planlegg dei store renoveringar eller nybygg av bibliotek. Vi meiner at det statlege tilskotet/spelemiddeltilskotet til den desentraliserte ordninga for lokale kulturbygg bør aukast opp igjen, minst til det ho var i 2013 på over 120 millionar kroner. Då blir det lettare for både fylkeskommunar og kommunar å vera med og prioritere nye og renoverte kulturbygg til dei mest brukte kulturtilboda, nett som ein får til med spelemidlane til idrettsbygg. Investeringsstøtte til meiropne bibliotek bør òg kunne prioriterast over denne ordninga.

Beste helsing
Norsk Bibliotekforening
Vidar Lund
leiar